



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet - honningproduksjon, Frode Kåsa

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		11.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

- Søknad om tilskot til vidare investering i honningproduksjon – Frode Kåsa
- Budsjett

Vedlegg

- 1 Søknad om investeringsstøtte - Frode Kåsa

Bakgrunn for saka:

Frode Kåsa driv honningproduksjon i Geitstadgrend, og har gjort det i liten skala sidan 2018. I 2021 valde Kåsa å satse tyngre på produksjon, og har i dag 90 kubar. Kåsa sel største delen av produksjonen til Honningcentralen, men honningen er og å finne på Joker og Spar her i Fyresdal. Kåsa ynskjer no å satse vidare, og styrke identitet og sal lokalt, og søker næringsfondet om midlar til vidare satsing. Kåsa har ikkje tidlegare søkt eller motteke midlar frå næringsfondet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling ved å legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar, ta vare på primærnæringsane, samt vidareutvikle kommunen som turistdestinasjon ved å stimulere til utvikling av lokalmatkonseptet.

Kåsa har enkeltmannsføretak registrert i Brønnøysundregisteret med organisasjonsnummer 984836112, der registrert aktivitet er «*Snekkervirksomhet. Mekaniker. Avvirking av tømmer og ved. Honningproduksjon/bier.*» Kåsa byrja med bier i 2017/18, og etablerte seg då med 25-30 kubar. Etter å ha testa ut nokre år, og funne at dette var noko han ynskja å drive med, har han no 90 kubar i produksjon. Dette tilsvarar jf. Kåsa om lag eit halvt årsverk. Kåsa har ana jobb på utsida av garden, som han tilpassar etter produksjonsvolum gjennom årstidene. Produksjonen utgjer i underkant av 3 000 kilo, der 2 700 kilo leverast til Honningcentralen SA (birøktaranes eige selskap/samvirkeforetak), resten leverast lokalt til Joker og Spar, og noko gjennom direktesal.

Lokalmat er vinden, og har fått stort fokus dei seinare åra. Landbruks- og matdepartementet hadde eit omsetningsmål på 10 milliardar kroner, som skulle nås i løpet av 2025. Målet vart nådd allereie i slutten av 2023, då omsette ein lokalmat for 11,8 milliardar kroner i Noreg. Departementets satsing er ei oppfylgning av Hurdalsplattforma, der regjeringspartia skriv at dei vil «*stimulere til økt produksjon og omsetning av lokalmat, lokal drikke og økologisk mat.*» Målet

er dessutan en del av regjeringas stortingsmelding 11 (2023-2024) – «*Strategi for økt selvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmulighetene i jordbruket.*»

Geir Pollestad (landbruksminister 2023-2025) uttalte at «*målet må være å ha lokalmatprodusenter og produsentmiljøer over hele landet*», og at «*økt produksjon av lokalmat vil bidra til å styrke selvforsyningen i Norge*».

Også i kommuneplanen sin samfunnsdel for 2023-2035 er lokalmat framheva særskild, der ein i strategi for næring og arbeidsliv skal «*vidareutvikle kommunen som turistdestinasjon ved å stimulere til utvikling av lokalmatkonseptet.*» Vidare skal ein legge til rette for næringsutvikling gjennom det å legge til rette for bærekraftige og grønne arbeidsplassar, samt ta vare på primærnæringane. Honningproduksjon fell under primærnæring, og når Kåsa sin honningproduksjon utgjer nær 50% stilling, er dette å rekne som ein arbeidsplass i deltid.

Det er mange som spør etter lokalt produserte varer når dei handlar mat i butikkane. Dette gjeld både lokale og turistar, og er ein av spinn-off effektane ein har jobba for etter ferdigstilling av Tretoppvegen og Hamaren.

Kåsa ynskjer å styrke salet av honning lokalt, og vil med det endre noko på layout m.m. på boksane honningen seljast i. Kåsa nyttar Honningcentralen sine boksar som rommar 0,5 kg, dette av di det på boksane står varedeklarasjon, allergenar m.m., då er ein sikker på å få med alle naudsynte opplysningar i høvre tryggleik for kunden. Kåsa har i tillegg sin eigen etikett på lokket, som seier litt om produksjon. Om geografisk opphav står det i dag kun at honningen er frå Geitstad, her ynskjer Kåsa å få fram tydelegare at dette er eit produkt frå Fyresdal, dette for å styrkje identiteten ytterlegare.

Som honningprodusent står ein kontinuerleg framføre investering i produksjonsutstyr som må fornyast med jamne mellomrom, samt emballasje m.m. for lagring og sal. Som produsent er det heilt klart enklast å lever all honning til Honningcentralen AB, dette er forutsigbart, ein er sikra avsetning, og pris er avtalt. Skal ein i lokalmarknaden, lyt ein ha tilpassa emballasje, eigene etikettar, og ein må fylje opp dei lokale butikkane med påfyll av varer, dialog om synleggjering m.m. Likevel kan ein gjennom lokalt sal ta ut ein større del av fortienesta sjølv. Kåsa er p.t. bygdas største honningprodusent, og sjølv om produktet og marknaden er smal, er dette eit reint naturprodukt, etterspurd av mange. I det totale bilete av Fyresdal som tilbydar av lokale varer, er også lokalt produsert honning eit viktig produkt.

Konklusjon:

Produksjon og sal av lokale varer er i vinden, og auka omsetning er ein ynskja effekt av Tretoppvegen og Hamaren. Ein har gjennom Omstilling Fyresdal og gjennom målretta bruk av næringsfondet gitt midlar til aktørar som ynskjer å vere i lokalmarknaden. Ved å styrkje den lokale identiteten på produkta Kåsa sel lokalt, vil salet kunne aukast ytterlegare, og Kåsa sitje att med ei større fortieneste enn det han gjer ved å levere til Honningcentralen. Det vil alltid vere ein langsiktig jobb å auke salet lokalt, likeså er ein prisgjeven daglegvarehandel/kjedene, at dei stiller hylleplass til lokale varer. For å simulere Kåsa til å gjere dei naudsynte tiltak for å styrke posisjon/sal, ynskjer ein å stø Kåsa med ei investeringsstøtte på kr 40 000,-. Det vil då vere rimeleg å sette vilkår om at etiketten på boksane skal synleggjere at honningen er eit lokalt produkt frå Fyresdal, at Kåsa skal styrke sin posisjon i lokalmarknaden, og at honningen skal vere i lokalmarknaden minimum tre år frametter.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 40 000,- i investeringsstøtte til Frode Kåsa, org nr. 984836112, til vidare styrking av honningproduksjon, auka synleggjering, og auka lokal omsetning. Det setjast som vilkår at lokal identitet skal synleggjerast betre på etikettar, at det skal jobbast for auka omsetning lokalt, og at honningen skal vere i lokalmarknaden i minimum tre år frametter. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef